



## Referat

### Underutval for barn og unges psykiske helse, Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	24.09.20 kl. 12:15
Møtestad:	Skypemøte
Møteleiar:	Gunnlaug Lekve
Til stade:	Jill Bru Johansen (Vaksdal), Morten Kronstad (BUP Voss) Bridget Penny (brukarrepresentant), Gunnlaug Lekve (Ulvik), Kjell R. Stien (Voss) Sveinung Hellesen Nygård (Voss), Anne Karin Laupsa Nes (Kvam), Marianne Røynesdal (BUP Voss), Camille Johansson og Sissel Berg (BUP Voss)
Fråfall utan vara:	Anne Myklatun (Eidfjord)
Referent:	Sissel Berg

Nr.	Saksliste	Sakstype ( <i>Vedtak</i> <i>Drøfting</i> <i>Orientering</i> )	Vedlegg	Ansvar
10/20	<b>Godkjenning av innkalling</b>  <b>Samråystes vedtak:</b> Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
11/20	<b>Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 14.05.20</b>  <b>Samråystes vedtak:</b> Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
12/20	<b>Informasjon frå kommunepsykolog Sveinung Hellesen Nygård</b>  Sveinung Hellesen Nygård har vore tilsett som kommunepsykolog i Voss herad sidan månadsskiftet april/mai 2020. Det er tilsett to kommunepsykologar til. Den eine har starta opp i 20 %, men vil frå januar gå opp i	O		

	100%. Den andre vil starte i 100% frå november/desember. Det er planar om eit interkommunalt samarbeid om kommunepsykologane, men avtalen med Eidfjord og Ulvik er ikkje underskriven enno. Kommunepsykologane skal ha i tillegg til å vere eit lågterskeltilbod, mellom anna ha fokus på rettleiing, kompetanseheving, systemarbeid og forebyggande arbeid. Dei har kontor på Hagahaugen.		
13/20	<p><b>Aktuelt frå medlemmane i underutvalet</b></p> <p>BUP</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har tilsett ny psykolog i 100% stilling. Vil kome ei til som skal vere eit år i samband med spesialstudanning.</li> <li>• Overgang til nytt journalsystem DIPS-Arena i november vil føre til litt mindre kapasitet ein periode på grunn av opplæring.</li> <li>• Pakkeforløp med start hjå barnevernet  <a href="https://www.helsedirektoratet.no/pakkeforlop/barnevern-kartlegging-og-utredning-av-psykisk-helse-og-rus-hos-barn-og-unge">https://www.helsedirektoratet.no/pakkeforlop/barnevern-kartlegging-og-utredning-av-psykisk-helse-og-rus-hos-barn-og-unge</a>            Tips: Abonnere på nyheitsbrevet til Helsedirektoratet.</li> <li>• Mange tilvisingar. Ein del er prega av kjennskap til sjølvført som fann stad tidlegare i år.</li> <li>• ADHD-kurs 23.09. og 30.09. for foreldre. Nokon lærarar er òg med på dette. Ynskje frå BUP si side om å ha møte med rektorane, for å få i gang god opplæring av tilsette i skulen og for å få god tilrettelegging for elevane med ADHD.</li> </ul> <p>Voss</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ein del uro i ungdomsmiljøet på Voss.</li> <li>• Er utlyst stillingar som leiarar for Barneverntenesta, Rus- og psykiatritenesta og EM-tiltaket.</li> <li>• Nina Helgaset er tilsett som konstituert leiar for helsestasjonen.</li> <li>• Knud-Erik Gissel er tilsett i 33,33% stilling i arbeidet med BTI.</li> <li>• Ein merkar at mange som arbeider i skular og barnehagar er slitne i forhold til ekstra belastning på grunn av korona.</li> <li>• Positivt med prosjektet «Barn og unges helsetjeneste»</li> </ul>	O	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Meistringsteamet har ein mindre tilsett enn tidlegare. Uvisst om ein kan erstatte denne på grunn av økonomiske utfordringar i heradet.</li> </ul> <p>Vaksdal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Krevjande å drive barnehagar og skular på grunn av korona. Vanskeleg å få til spes.ped.-undervisning og krevjande med heimeundervisning. Mykje bruk av vikarar er vanskeleg for utrygge elevar.</li> <li>Drahjelp av «Barn og unges helsetjeneste»-prosjektet i tverrfagleg forebyggjande arbeid.</li> <li>Ny helsejukepleiar frå januar. Får økt kapasitet i skulehelsetenesta. Har kommunepsykolog i 100% stilling.</li> <li>Folkehelseprofilen i Vaksdal kommune krev mykje. Utfordringar blant både ungdommar og foreldre.</li> </ul> <p>Kvam</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Har god psykologdekning. Totalt 4 på Rådhuset.</li> <li>2 dagars kurs i emosjonsfokusert foreldrerettleiing. Er satt opp 3 kurs. Det første er fullbooka. Stor interesse. I tillegg er det planlagt minikurs på skulane.</li> </ul> <p>Brukarrepresentant.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Uro blant foreldre på grunn av endringar i heradet. Har blitt ein del besøksforbod og restriksjonar i samband med korona.</li> <li>Ynskjer betre informasjon til barn som ikkje forstår alt like godt. Dei må kjenne seg trygge i forhold til korona og elles.</li> <li>Vald i nære relasjonar. Ein må vere obs på dei som ikkje har språk og kan fortelje.</li> <li>Ein må sikre at dei som har mykje fråvær på grunn av korona får den oppfølginga dei treng på skulen.</li> <li>Viktig å ha trygge vaksne på plass for gjere det trygt for ungdommane som samlast, i mellom anna, Vangsgata.</li> </ul> <p>Ulvik</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Positivt med prosjektet «Barn og unges helsetjeneste». Det bidreg til endå betre tverrfagleg fokus. Tverrfagleg møte med politi, barnevern, skule og Ruth Helene E. Garmann.</li> </ul>		
--	--	--	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mykje fråver og bruk av vikarar på skule og i barnehage pga. korona.</li> <li>• To kommunale fysioterapeutar der den eine er knytta til helsestasjonen og vil ha meir fokus på forebyggande arbeid i skulen.</li> <li>• Webinar med Helsesista i oktober.</li> </ul>			
14/20	<p><b>Ymse</b></p> <p>Neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert 10.12.20 frå 12:15 til 13:45.</p>	O		

Tidspunkt for neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert **torsdag 10.12.20 kl. 12:15 til 13:45** på BUP Voss

Ber om at medlemmene i underutvalet melder i frå dersom de ikkje har høve til å møta.